

# Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2014

## Jærbelgen og VIL byr opp

Side 7

## Skulesjakk

Side 22-23

## Ny butikk på Varhaug

Side 28

## Varhaug- marken

Lørdag 7. juni



**17. mai på Varhaug** Side 20 og 21





# Klining ved Nordre-Varhaugelv

Mens Mons har bala med sitt på rådhuset, og medan Monsen har masa rundt i mosen i indre strok og dei strokne dalføra innafor, har eg sete godt planta med bamsemums i sofakroken på laurdagskveldane denne våren. - Kva er det som motiverer denne rufsute Monsen-mannen med hår og skjegg som ei viltvaksande timoteieng, har eg undra på frå min tv-sjåstad. Er det så enkelt og primitivt at Monsens motiv er å finne i enden av turløypa. Er ei høgtidsstund med Anne Rimmen det som skal til for å yte det vesle ekstra?

Eg har lete meg inspirere. Og eg er langt tøffare en Monsen. Eg tar trimmen utan Rimmen. Eg har ikkje ein gong tenkt på å bruka helikopter eller andre farkostar for å koma fram til utgangspunktet. Ytterdøra i heimen er ein brukande åstad for både start og mål. I jakkelommen har eg det som trengs for ein times tid rundt i det ikkje akkurat ekstreme terrenget rundt Varhaug. Det går fint an å foreta lokale ekspedisjonar med berre ein porsjon generalsnus under leppa og ein svart pose i resirkulert plast til å plukke opp bæsjen etter hunden.

På Varhaug let det seg gjera å overleve ein tur utan budsjettspregande sjokoladebarar, fiberknekkebrød, stormkjøkken og impregnert tomannstelt. I vår kjære heimbygd går det an å kome seg opp og fram utan klatretau og fjellskor med titanpiggjar. Her kan vi kryssa Primstadåa og Kydlandsbekken utan å måtta vri underkjølt vatn ut or dei basarstrikka halvsokkane etterpå. Myrholå er det råd å gå rundt. Skogane våre, som Husveg- eller Odlandsskogen, kan forserast utan frykt for slangebitt eller tropiske sjukdomar. Steingardane har gjerdeklyvarar som Mons er ansvarleg for å halda i orden.

Opplevingane står i kø. For den som vil oppleve. Eg vil gjerne oppleve. Rett nok er eg ikkje særleg flink på planter eller fuglar. Eg kan skilja ei vipa frå ein geitrams, men det er vel så langt kompetansen min strekk på dei områda. Men det finst andre ting å oppleve.

Eit døme. Ein tidleg kveld i vår, parkerte eg bilen i Bodle. Raska med meg hunden og la i veg nordover mot Nord-Varhaug og Grødaland med godt mot. Det var fint. Begynnande

grønkende gras. Så tidleg i sesongen var det ikkje ein einaste kvigelort å skli i, men det lukta friskt av husdyrgjødsel etter bøndene sine artilleriåtak på beita med grovkalibra gjødselkanonar. Blank sjø, og 12 – 14 grader i lufta, minst. To lokale spedlemma gutungar som spratt rundt på strandsteinane, nett slik eg gjorde saman med mine kameratar ein gong i førre hundreår. Dei drassa rundt med plastkanner og grønne nylontau-restar på jakt etter den store skatten. – No må de ikkje skli og brekka føtene på dei glatte steinane, kremta eg nervøst, og registrerte samstundes med skrekk at eg høyrdest ut som ein tilårskomen bestefar med langt framskriden lyskebrokk.

– Nei då, svarte Noregs Ungdom og spratt elegant vidare på rullesteinane.

Tjelden (ein fugl som eg har lært namnet på) som surra rundt to meter over havet ved den gamle åstaden for skipsopphogging, verka våryr og klar for formeiring. – Månn, sa eg til eit par turgåarar som passerte meg nett der som Kongevegen ikkje er ein kongeveg i det heile, men ein slags sti mellom rullesteinane. – Hei svarte



dei to i kor. Det skal ikkje så mykje til alltid. Særleg ikkje langs havkanten ein vedunderleg vårdag. Ho var ung og fin og varm. Smilet hennar vekte kjensler som i eit par fortryllande sekund fortrenge lyden frå lerka som av sikkert like gode grunnar jubla høgt i sky.

Ved Ludå på Bodle er det strekt ei bru på gamle steinfundament over Nordre Varhaugselv. Ho er laga av tre, og har ei grind som hindrar husdyr i å kryssa vassåra. På heimveg såg eg at det stod ein rar skabelon midt på brua. Då eg kom nærare, såg eg at det ikkje var ein rar skabelon, men to personar. Ein ung mann og ei like ung jente. Dei stod tett saman. Dei to var i hormonrusa klinemodus. Sterkt opptekne av intense ekspedisjonar i kvarandre sine munnar.

Eg har vore borti litt av kvart, og ordet prippen kan neppe knytast særleg fast til mitt namn. Herdingsprosessen går føre seg konstant. Sist øving var å sjå på Grand Prix med ei nøytral og inkluderande mine medan ei/ ein jente/gut med skjegg og fotsid gallakjole gjekk til topps i finalen. Men friluftsklining midt i den eldgamle kyrkjeleida, på brua over Nordre Varhaugselv, blir likevel ein

smule utradisjonelt i mitt framleis noko konservative hovud.

Eg måtte jo passera dei to elskande, og la opp til å møte dei offensivt. – Hallo, sa eg. – Norsk, spurte eg undrande, etter å ha registrert austeuropeiske trekk hjå Romeo. – English, svarte mannen medan han motvillig slepte taket rundt livet til jenta, og smilte forsiktig til meg.

– Carry on the good work, sa eg kjekt på mitt særeigne sydenengelsk, medan eg drog hunden etter meg siste metrane over Varhaug sitt svar på The Brooklyn Brigade.

Det kan henda så mangt for ein turgår langs Kongevegen. Sjølv for ein som har problem med å skilja linerle og åkertistel. Etter denne opplevinga kan eg definitivt slå fast at me no har blitt multikulturelle, fleispråklege og utradisjonelle i bygda vår.

Det kan by på overraskingar. Me kan gle oss over at nye generasjonar Varhaugbuar faktisk kan vera unnfanga på brua over Nordre Varhaugselv ved Ludå på Bodle.

**Slå den Monsen!**

*Sjur Håland*

## Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhalds-lag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkellubb.

**Styret for Varhaugbuen er:**

**Leiar**

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

**Nestleiar**

Brit Obrestad,  
Vennelaget Lerbrekk skule

**Sekretær**

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

**Styremedlem**

Aud Bratland Bø, bygdekvinnelaget

**Styremedlem**

Olav Varhaug, Bygdeungdomslaget

**Varamedlem**

Halldis Lie Byberg

**Varamedlem**

Runar Odland, bondelaget

**Redaktør**

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav  
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav  
ein gløymleklednad god.*

*Men ein og annan merkestein  
held fast eit minne enn  
der han står vakt om deira bein  
som levde i vår grend "*

**Støtt opp om annonsørane våre,  
dei støttar Varhaugbuen!**





# "Årsmøte på Lerbrekk er ikkje heilt som andre årsmøte", seier Sigbjørn.

Torsdag 20. mars 2014 var det årsmøte for Vennelaget Lerbrekk skule. Sigbjørn Varhaug ynskta 35 frammøtte velkomen til skulen. Og spesielt velkomen til Tor G. Salte, Konrad Kvitvær og Oddvar Varhaug som skulle underhalde med song og musikk. –Årsmøte på Lerbrekk er ikkje heilt som andre årsmøte, seier Sigbjørn. Me starta med å synge «Flaumen går, i Noreg er vår» og «Gud signe Noregs land» før ei songavdeling av dei som var med oss. Tor G. Salte med gitar og song, Konrad Kvitvær med mandolin og munnspel, og Oddvar Varhaug song. Dei hadde ei avdeling med songar av Tobias Skretting. Det som imponerer meg er at Tor G. Salte syng alle tekstane utan bok.



Så over gjekk me over til årsmøte. Sigbjørn Varhaug las ei fyldig og god årsmeldinga som syner mykje aktivitet på skulen. I 2013 har det vore mykje utleige i tillegg til dei samkomene som Vennelaget har. Gjesteboka syner at 2140 personar har notert seg der. Brit Obrestad las opp rekneskapet som syner eit godt overskott. Dette er eit resultat av mykje aktivitet og utleige. Odd Varhaug tok seg av valet. Det vart attval på formann Sigbjørn Varhaug og styremedlemer Inger Haugstad og Dag Varhaug. Det var og attval på varamedlemer og revisorar.

Så var det tid for matpause med gode smørbrød og lefsa, og ikkje minst: godt drøs. Etter pausen var det ei ny songavdeling av dei som var med oss.

Brit Obrestad las 2 dikt: «Vestlandsvær» av Haldis Reigstad og «Den kjære våren» av Brit. Me song så «Det er godt å koma hematt» og «Og vesle lerka». Sigbjørn las ein stubbe før trekninga. Songarane avslutta med tre songar av Tobias Skretting. Sigbjørn takka desse med kvar sin blomeoppsats. Han takka og alle som var møtt fram og dei som hadde vore på kjøkken og stelt i stand med mat og pynting. Han

takka og alle som stilte velvillig opp med dugnad til ulike arrangement, og ikkje minst all vasking som fylgjer med. Me avslutta med å synge «Gud signe vårt dyre fedreland».

Me er kome til mai og konfirmasjonstid. Tre helger med utleige til konfirmasjonsselskap krev sitt av vaskegjengen. Dei har varsla at vindaugo treng ein skikkeleg omgang. Så tredje påskedag, den 22. april ringjer Sigbjørn og spør om eg kan vere med på dugnad. Dei treng forsterking når vindaugo skal gjerast reine utvendig og innvendig og innimellom. For desse doble må opnast og gjerast reine mellom glasa. –Me startar 12.30, seier Sigbjørn. Eg syklar ned, og då er dei andre alt i full sving. Sigbjørn og Astrid har vore i sving heile føremiddagen, for sofa, stolar, tepper og gardiner er ute på lufting. Ingen ting skal vere i vegen. Leiligheta skal ha seg ein skikkeleg omgang. Her er det berre å brette opp armane og gå i gang. Og etter kvart dukkar fleire opp, medan nokre må gå heim. Nå skal det skina, blenkja og lukta reint for nye selskap.

## Styret for Vennelaget:

**Sigbjørn Varhaug, leiar**

**Brit Obrestad, kasserar**

**Inger Haugstad, skriver**

**Dag Varhaug og Oddvar Aanestad, styremedlemmer**

**Ingunn Reiestad og Oddvar Varhaug, varamedlemmer**

**Øystein Bratland og Ingvar Reiestad revisorar.**



HÅ REGNSKAP OG DATA

Daglig leder: Rune Odland

Autorisert regnskapsfører

Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug

Tlf. 91511088 E- mail: runeo@hrd.no



*Richard Madland, Henning Aanestad, Otto Hustoft  
Omund Norheim, Olav Madland.*

## Konsert med Silo & Saft

Varhaugbuen vart invitert til denne konserten i løa, og det tykte eg var veldig gildt, for eg hadde berre høyrte om Silo & Saft, men aldri sett eller høyrte dei på noko arrangement.

Som alle «store» band hadde og Silo & Saft eit oppvarmingsband; Johnny Red and The Prayerhouse People.

Desse 5 musikantane kjem frå Vigrestad, og vart ynskete velkomne som «sørstatsfolk». Musikk interessa hadde dei fått med seg frå bedehusmiljøet. Tre av dei; John Gravdal, Kårstein Bø og Rune Særheim, var ein del av bandet «Laymen» som la opp i 2013 då «Generalen» slutta. Nyårstider starta dei dette nye bandet, då dei fekk med seg Helene Reite Uglem på fele og Johannes Bjelland på bass.

Alle er erfarne musikkarar kvar på sitt felt, men det var likevel imponerende kor samspele og flinke dei var etter så kort tid. Musikken deira er inspirert av amerikansk folke – og visemusikk. Denne gruppa håper eg kjem tilbake til Varhaug ein annan gong og.

Så var det tid for noko heilt anna. Jarle Mong, ein tidlegare dyktig fotballspelar i Bryne frå Eigersund, som nå har gjort jærbu av seg. Han er og kjent som ein dyktig hobby-blogger, der han mellom anna har sagt «Noen av Silo & Safts linjer synes jeg virkelig tar deler av den jærskulturen på kornet»

Jarle var utruleg god, og den måten han «analyserte» og fekk tekstane til Silo & Saft fram i lyset, var utruleg fasinierende. Han sa at her kom verkeleg det jærsk DNA' t fram. Sjølv om ein av og til kunne skimta ein liten brodd, så hadde visene ein identitet som det var lett å kjenna seg igjen i.

Jarle var imponerende god, og eg håper eg får høyra han og ein annan gong.

Etter ein liten pause var det Silo & Saft sin tur. Denne gruppa har spela saman i 15 år. Visene handlar om dagleglivet på Jæren på godt og vondt, og etter Jarle sin kronikk tidlegare, fekk eg sangane med meg på ein heilt spesiell måte.

Silo & Saft har spela både på små og store scener rundt om i fylket, og dei har vore på både Ungkarsfestivalen i Suldal og Visefestivalen i Egersund. Dei har og spela på firmaarrangement og dans i mange år.

Nok ein gong har Vennelaget for Lensmannsløa fått til ein gild og vellukka konsert. Det var ikkje mange ledige stolar, og stemninga var på topp heile tida. Har alt begynt å sjå fram til den neste.

PS Synd det var så få som hadde fått med seg at Silo & Saft hadde ein gratis ungdomskonsert ein time før den ordinære konserten.

*Liv*

**Maskinstasjon:**

- Skurtresking
- Traktor og dumper

**Verksted:**

- Salg av landbruksutstyr
- Salg av landbruksdekk/felger
- Reparasjon av landbruksdekk
- Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr

**JG MASKIN**  
 Jan Gunnar Urdheim  
 Kvernåvædd • 4360 VARHAUG  
 Tlf. 91 88 95 05  
 Mob. 96 82 64 10 / 92 72 99 68

SLÅING • RAKING • PRESSING  
 DIREKTESÅING

**ÅNESTAD  
MASKINSTASJON**

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

**SpareBank**  
 SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.



# Varhaug Sykkel Klubb

## ... bananer og seigemenn



*Simon Odland blir møtt av en god heilagjeng på vei opp til vindmøllene på Lyeffjell.*



*Kjell Sør-Reime ble VSKs bestemann. Han syklet 82 km på den meget sterke tiden 2.37.43, noe som holdt til 67.plass av over 1500 deltakere!*

Søndag 18.mai ble terrengsykkelrittet, Garborgriket Rundt arrangert av Bryne CK. Dette er et 82 km langt ritt som starter i Bryne sentrum, og går videre mot Undheim, Sikveland, Ålgård, Figgjo, Kverneland, Lye og tilbake til Bryne igjen.

I årets ritt stilte hele 17 stk fra Varhaug Sykkelklubb, og det er vi veldig godt fornøyde med! Den første tøffe bakken er ved Undheim, hvor syklistene skal opp mot Sikveland. Her hadde klubben en stasjon hvor det ble delt ut bananer og seigmenn til slitne VSKere. Forhåpentligvis gjorde dette, i tillegg til heiarop fra andre deler av løypa, sitt til at syklistene trakk til litt ekstra!

Alle kom i mål på meget respektable tider, men vi må spesielt nevne VSKs bestemann, Kjell Sør-Reime. Han passerte målstreken på 2.37.43, og

dette holdt til 67.plass av over 1500 deltakere! Imponerende, Kjell!

Tidligere i vår har mange av klubbens medlemmer deltatt i ritt, og flere er like rundt hjørnet. 14.juni er det Nordsjørittet, og her håper vi det blir like god stemning i Varhaug sentrum som tidligere. Kjekt hvis det er Varhaug de over 10 000 syklistene husker best fra turen fra Egersund til Sandnes! Møt opp og hei på alle, men spesielt på oss fra Varhaug! J

Til slutt nevner vi hjemmesiden vår, [www.varhaugsk.no](http://www.varhaugsk.no), hvor man finner info om klubben, bilder osv. Lik oss gjerne på Facebook.

Hilsen Trond Atle Olsen, leder VSK



*Glade dansere, desse kjem heilt frå Kr.sand for å danse, dei reiser rundt på dansetreff:-)*

# Jærbelgen og VIL byr opp!

Jærbelgen Trekkspelklubb og Varhaug idrettslag byr opp til dans for tredje år på rad. 19 - 21 september er det duket for JÆRTREFFET igjen. Her møtes danseglatte mennesker og de som liker å lytte til musikk med god takt og driv. Musikken består av mange orkester som spiller ca en halvtime hver. Allerede nå har ti orkester meldt sin ankomst. Musikksjangerne blir varierte med både danseband og gammeldanstakter.

Som alltid er ildsjelene i VIL parat til å ordne med camping med tømme muligheter og ladestrøm. De står også for servering av mat og drikke gjennom helgen.

Lørdag ettermiddag spiller Jærbelgen opp til allsang i det gamle lokalet på Iden. Et populært innslag som er gratis og åpent for alle.



## Frå redaksjonen


Til vanleg i nummer to av Varhaugbuen, er det alltid Varhaugmarken som har vore i fokus. Dette året vert Marken amputert, og vert nå lagt til «pinstiaftå» Det var jo tidlegare bestemt at Marken skulle vera siste helga i mai, men vart så flytt til første helga i juni. Det forsto eg ikkje så mykje av. Var Varhaugsmilå bestemt til 7. juni, kunne dei vel berre køyrt den då, og så hatt Marken som bestemt i mai. I år kom ein i konflikt med ei eller anna høgtid, same koss ein snur det, men eg tykkjer ikkje dette er det beste. Men, men det er jo ikkje mitt bord. Ein dag med Varhaugmarken er vel betre enn ikkje? Og litt program vert det. Les om dette anna stad i bladet.

Elles er me ferdig med ei flott 17. mai feiring, og skuleelevane imponerte stort med markeringa av Grunnlova, og for nokre flotte kostyme!

Gildt å lesa som alt som skjer rundt om i dei ymse laga, og det er utruleg kor mykje det er både for unge og eldre å vera oppteken av i bygda.







## Måleriutstilling på Lerbrekk

Helga 22. – 24. august 2014 vil Odd Dubland ha utstilling på Lerbrekk. I ein prat med Odd fortel han litt om grunnen til dette. – Skulen på Lerbrekk er bygd i 1865. Mor mi Ingeborg frå Nord-Varhaug gjekk på denne skulen. Sjølv gjekk eg dei to første åra på Ånestad, og resten på Auestad. Men eg har ein draum om å kalla dette for Lerbrekkdagane. Det kan i tillegg til utstillinga mi, vera sal av mat som dei brukte i gamle dagar, slik som syrekaker og liknande. Til det kan nemnast at Sigbjørn Varhaug har bestilt steinbakte brød av Lars Nord-Varhaug på Reiestad.

Då det først var snakk om utstilling på Lerbrekk, var Odd litt usikker på om han greidde måle nok bileter. –Men viss eg berre greie seie nei til dei som kjem og vil kjøpa, trur eg det skal gå. Dei får kome til Lerbrekk og kjøpe der.

–Slike motiv som eg målar, ja, eg

skulle nok levd hundre år tidlegare. Men det er desse motiva som opptek meg; havet, strendene, men også fjell og knausar, seier Odd.

Odd Dubland er født i 1938 på garden Dubland i Varhaug. Like frå barndom har han vore oppteken av kunst, men er fullstendig uskolerte på området. Alt har vore sjølvstudium. Litt hjelp har han fått av grafikaren og kunstmalaren Jørgen Dukan. Odd Dubland har i ein mannsalder vore lekpreikar i Norsk Luthersk Misjonssamband. Han har sagt det slik at dersom du tek kunsten frå meg, tek du veldig mykje. Dersom du tek evangeliet frå meg, tek du ikkje mykje, då tek du nemleg alt.

–Teiknetimane på skulen var dei gildaste. Eg gledde meg alltid til siste timen som var teikning. Reknetimane kvar dag var straff. Å veksa opp på Varhaug på den tida, var som å vekse opp i eit u-land når det galt kunst. Der

var ingen som skjøna seg på ein gutunge som likte å teikna. –Eg hugsar at eg sykla opp til Martin Ånestad for å sjå på eit maleri som hang i stova der, og var måla av Stenberg som var fange på Opstad. Aadnesen på Nærbø hadde nokre av bileta til Stenberg utstilt i forretninga si.

Eg spør litt forsiktig kor han har desse genane frå; –eg trur det må vera Nord-Varhaug. Men songen og musikken kjem nok meir frå dei Dubland, seier Odd.

Som mange av oss veit, så har Odd både lyriske og musikalske årer. Han kan trylle fram mykje vakre tonar både på gitar og piano. Du kan lese meir om Odd på: [www.blog.dubland.no](http://www.blog.dubland.no)

Me i Vennelaget gler oss til Lerbrekkdagane, og ynskjer Odd Dubland og folk elles, hjarteleg velkommen til Lerbrekk skule denne helga.

*Brit*





# Grillkveld på Lerbrekk

**Grillkvelden er endra til tysdag 5. august 2014, kl. 18.00**

Agnes Varhaug Siqveland med sin gjeng spelemenn/kvinner spelar som vanleg. Det blir høve til å kjøpe grillmat. Og det blir servert kaffi og kaker. Allsong og sikkert litt for lattermusklane og.

Alle er hjarteleg velkomne til å vera med oss denne kvelden.



En av våre styrker er at vi kjenner jærbuen, og vi tror jærbuen kjenner oss etter mer enn 100 år med bankdrift.

En alliansebank i **eika**.

## Nytt frå Hå karateklubb

# Klubbmesterskap 31. mai - KOM og SJÅ!



**Vestlandsmesterskap:** Markus Espedal, Roy Andre Austrått og Ole Tobias Lode



**Vestlandsmesterskap:** Mange medaljer

### Vestlandsmesterskap:

Lørdag 15. mars reiste 10 av klubbens medlemmer til Bergen. God innsats og mange hadde medalje med seg tilbake.

### Norges Mesterskap Karate i Bergen:

29.mars reiste 3 av klubbens medlemmer til Bergen. Ole Tobias Lode og Markus Espedal tok hver flotte sin 3. plass, mens Linn Jeanett Vigrestad ikke kom på pallen denne gang.

### Haugesund Open 5. april:

10 av klubbens medlemmer tok turen til Haugesund og fikk prøve seg i konkurranser – også denne gang ble det noen medaljer!

### Gradering våre 2014:

Denne gang hadde vi gradering i klubbens lokaler. Onsdag 7. mai fikk 35 av klubbens nyeste medlemmer nye grader (kvitt og gult belte). Beklageligvis ble det trangt for publikum, dette skal vi gjøre langt bedre neste gang. Torsdag 8. mai

fikk 8 av klubbens medlemmer som har trent noen år nytt belte (oransje, grønt og blått). Fredag 9. mai var det de voksne sin tur. 10 av klubbens medlemmer kunne etter meget hard (og svett!) innsats hente kvitt, grønt, blått og brunt belte!

### Klubbmesterskap lørdag 31. mai:

Klubben får låne lokaler av Varhaug Idrettslag og klubbmesterskapet starter kl.10.00. Lurer du på hva vi holder på med – kom å sjå!



**Gradering:** Oransje og grønne



**Gradering:** Voksne





*Gradering: Hvit og gul*



*NM*

# NYTT: Karate for barna 5-6 år

Klubben har ca 60 medlemmer som trener 2 ganger pr uke – vi har plass til flere. Kjekt er det også at vi har et mangefold av nasjonaliteter blant våre medlemmer.

Nye medlemmer kan starte i høst – sjekk vår web side eller FB-side.

*Håper enda flere har lyst til å trene karate!*

Styret i Hå Karateklubb.



**På Nærbø: Vigre skole (fra 19. august)**

Mandag og torsdag fra kl. 17.00-18.00

**På Varhaug: Stasjonsvegen 20 (fra 1. august)**

Tirsdag og torsdag fra kl. 17.00-18.00



*En sliten Anders Orstad.*



*Erlend og Marco Matre under tidskvalen lørdag.*

# MOTOCROSS på Elgane

Elgane MSK dro i gang årets Vestlandsmesterskap med og arrangere 1.runde på Elgane 10.og 11.mai.


Det ble ei kjekk helg i fint ver på Høg Jæren.Hele 150 kjørere stillte til start. Fredag ettermiddag forandres området på Elgane til en campingplass.Da ruller det inn med biler, busser og varebiler med familier som skal campe på banen hele helgen.Vestlandsmesterskapet er et breddelep for klubbene på Vestlandet.Vi prøver og få med bredden på løp, at de skal få løpserfaring og så etterhvert kunne kjøre statusløp som NC og NM. Men her er også erfarne kjørere som har kjørt i mange år.De minste fra 5 år og oppover hadde oppvisning på lørdagen. Det er en fornøyelse og sjå disse små på banen.

Elgane har flere førere som hevdet seg helt i teten i de tellende klassene. 14 år gamle Mathea Selebø vant suverent jenteklassen.Hun tok starten i begge heatene, og dro bare ifra de andre.Hun er et talent på jentesiden i norsk motocross.Vi gleder oss til og følge henne fremover. Hun kjørte også med guttene i klassen MX 85 13-15 år, der kom hun på en fin 3.plass. Marita Halvorsen kjørte sitt første løp og ble nr.6 i jenteklassen.

Erlend Klingsheim er en annen som gjorde det godt.Han imponerte med og ta startene i alle heatene sine, og fulgte opp med en fin 2.plass i MX åpen på lørdag, og søndag vant han klassen MX1 foran Martin Haugvaldstad som blei nr.2 i MX 1 og nr.6 i klassen MX 2.

Øvrige resultater for Elgane sine kjørere:  
Trym Krag nr.8 i klassen rekrutt 11-12 år.  
Anders Orstad ble nr.5 i klassen MX2.  
Sjur Kjersem Krag nr.3 i klassen Old boys  
Martin Magnus Vagle nr.5 i klassen Old boys.

**Helgen 28.og 29.juni arrangerer Elgane MSK 1.NM runde 2014.Da håper vi at mange tar turen til Elgane for og se motocross på sitt beste.Hele Norgeseliten kommer og vi garanterer at her blir det kjøring og underholdning på høyeste nivå.**



Ommund Thu fekk Hå idrettsråd sin første Ildsjelpris.  
Vi gratulerer!





*Frå Stavanger Open hausten 2013.*

# Fellesskap og superkjekt saman

I skrivande stund teller vi ned til 17.mai. Våre 11 musikantar gleder seg til å spille for Varhaug både i toget og på Id'en.

I mars hadde vi konsert på Varhaug skule i samarbeid med Vigrestad Brass og kulturskulen. Dette var gøy, og korpset spilte veldig bra.

21.juni reiser vi til Dyreparken i Kristiansand. Da legger vi igjen instrumentane på Varhaug og skal ha det superkjekt i saman! For det å spele i korps er så mye meir enn å lære å spille et instrument. Fellesskap og det å ha det kjekt er også viktige ting for oss.

Å «drive» korps koster penger, og derfor setter vi stor pris på alle dykk som har hjulpet oss med å bake kaker til vårt kake/kaffe- salg på Id'en!

Vi ynskjer oss fleire musikantar! Er det nokre barn rundt omkring som har lyst til å starte i korpset så ta kontakt!

**Og kjære foreldre: gløym alle gamle myter om at det er mykje dugnads arbeid!**

*Halldis Lie Byberg*

## Korps - styret 2014

**Leder/materialforvalter:** Halldis Lie Byberg  
mail: halldisliebyberg@lyse.net / tlf: 402 25 328

**Nestleder/Materialforvalter:** Kjartan Aanestad

**Sekretær/Kasserer:** Lene Lerbrekk

**Assisterande kasserer:** Elin Aniksdal Johannesen

**Dirigent:** Lars Ole Bergersen tlf: 991 55 369



Varhaug Servicenter AS  
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug  
www.varhaug-servicenter.no



**Varhaug  
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug  
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no  
E-post: post@vph.no

**NORGESHUS**  
Varhaug  
jonharald@norgeshus.no

*Du finner det meste  
hos oss ;-)*









### **Porsgrund Bad Trend, hvit matt**

90 cm møbel med porselenser-  
vant inkl. Damixa Merkur liten  
servantbatteri med klikkventil  
og 80x90 cm speil

Før: 14 893,- **Nå: 7 447,-**



Vi har også diverse småutstyr og  
kjempegode håndkle



Opstadvegen 621, Varhaug  
Tlf. 51 79 83 10

### **Åpningstider**

Mandag til fredag 07.00-16.00  
Lørdag 09.00-13.00

## **Årsmøte Varhaugbuen**

Møtet vart halde i «Stadlen» i Lensmannsløa 7. april, og det vart litt endringar i styret. Jone Bryne som har vore med heile tida sidan 2005 for 4H, takka nå for seg. Styret vil takka Jone for godt arbeid i alle desse åra, og ynskja representanten for BU - Olav Varhaug - velkomen i styret for 2 år. Vedtektene seier at styremedlemane frå 4H, BU, bondelag og bygdekvinnelag skal rullera. Det er vanleg med 2 år om gongen, men her har Jone vore med mange gonger gange to. Aud Bratland Bø frå bygdekvinnelaget vart vald for 1 år, for å koma «i takt». Det andre året hadde bondelaget i fjor. Vararepresentanten frå skulekorpset - Haldis Lie Byberg- er ny for eit år. Då styret først skal ha konstituerande møte 2. juni, vert dei nye oppførde som styremedlem i oppsettet over eigarlaga.

## **Mødeplassen**

Som vel dei fleste kjenner til, gjekk avtalen med kommunen og Steinar Haugseng ut i april. Det var då meininga at dei aktivitetane som gjekk føre seg på Mødeplassen, kunne flyttast over til Lensmannsløa. På dagtid er det ikkje parkering ved Løa, og Stova der er heller ikkje egna som øvingslokale for senior dansen. Me som fekk i stand denne avtalen, ynskjer å halda fram med aktivitetane på Mødeplassen. Me er difor nå i forhandlingar med Steinar om vidare leige. Går ikkje det i boks, reknar me med å måtta flytta opp på Iden. Men mest av alt ynskjer me å halda oss i sentrum, og som dei optimistane me er, håpar me på å få til ein ny leigeavtale med Steinar. Så lenge han ikkje treng lokalet til butikkar eller anna, må det virka positivt for Sentrumsgården at det er liv og aktivitet der.

*Turid, Kirsten og Liv.*

## **Nytt om Sentrumsgården**

Steinar Haugseng fortel at dei snart er ferdig med å finna ut kor sterkt det gamle bygget er, og om det må inn nokre nye søyle før dei kan gå i gang med vidare utbygging/påbygg der kontor og husvære var i 2. etasje. Så snart dette er ferdig vil dei starta å henta inn prisar for det vidare arbeidet.

I løpet av kort tid vil det og verta 25 nye parkeringsplassar i det som var det gamle kraftforlageret. Gild at det skjer noko nytt i sentrum.





# Bygdekvinnelaget på tur

Bygdekvinnelaget tek nå ferie etter dagsturen som er 22. mai til Skudeneshavn—47 damer er påmeldt.

Møtet i april var me på Døsen Pilgard i Klepp, 14 damer stilte opp og me hadde ein gilde kveld der ilag med inneha-veren Siril Ravndal.

19 mai hadde gågruppa tur til Preikestolen og 13 damer drog av gårde--- værgudene var heilt på vår side--- ein kjempetur som vert avslutta med mat på Preikestolhytta.

Aktivitetet i laget etter sommaren starter i 28.august i Lensmannsløa – då er det basar - og lokale krefter vil bi-dra—så er det årsmøtet 25 september .

Av kurser har me tenkt bunadkurs også dette år, så kurs i førstehjelp og matkurs—alt etter behov--- meld din inter-esse til Lenita Salte, telf. 414 47 071. Bare kom med forslag til kurs.

Vil så ynskje alle ein fin og god sommar. ... og fortsetter dette gode veret som me har hatt vil det verta ein fin og god sommar sjølv om sommaren kan verta fin uansett veret--- det er me sjølv som fyller dagane

*Oddbjørg*



## Fargerike har sommersalg! Gjør et kupp nå! Se etter vår kundeavis full av gode tilbud!



**20%**

**rabatt**  
på en mengde  
parkett

**Lyst på nytt gulv? Nå har vi 20% rabatt på en mengde parkettgulv!**  
Naturen er en fantastisk skaper av mangfold, og ettersom forskjellige trematerialer har forskjellig farge, karakter og mønstre vil du i parkettens verden finne noe som passer ditt hjem!



**10 ltr Drygolin Oljemaling og Oljedekkbeis**

Værbestandig oljemaling og oljedekkbeis for utvendig treverk.

**598**

10 ltr Drygolin  
OM/ODB



**Optimal** er tilpasset det norske klimaet og er tilsatt effektive midler mot svertesopp. Farge og glans holder seg like flott i år etter år.

**898**

Dagskupp 4. og 5.  
juni  
10 ltr  
Optimal



**Mammut laminat kun kr 298,-**

Bestselgeren med fantastiske overflater og utseende. 12mm med G5 klikksystem.



**Kjøp nå og få 30% rabatt!**  
**2,7 ltr Baron Terrassebeis**  
Vannbasert terrassebeis. God beskyttelse og meget pen beiseffekt selv på tidligere behandlede flater.

**348**

Før kr 498  
2,7 ltr  
Baron  
Terrassebeis

**FARGERIKE HALVORSEN**  
Varhaug - Tlf. 51 43 61 00

**FARGERIKE**



# Korslaget

Korslaget er ein songkonkurranse for alle på barneskulen. Det blir haldt ein gong i året. Det er mest vanleg å ha med elevlar frå 7.trinn i konkurransen. Skulane som har lite elevlar, plar ha med seg elevlar frå lågare trinn.

Starten på Det store korslaget var i 2010. Lærarane som begynte med Det store korslaget var Inger Reiestad, Gøran Håland, Heidi Idland og Anne Birgitte Lillebø Bøe. Dei fekk inspirasjon til å finne på noko for elevane, frå Det store korslaget på TV2.

Det første året var det berre 6. klasse på Varhaug skule. Då konkurrerte dei berre klassen imellom, slik at dei hadde kontaktgruppe mot kontaktgruppe. Neste år kontakta dei fleire kor. I 2010 var det fire kor, og etter kvart år auka det med fleire kor frå fleire kommunar.



Først av alt er skulen med i ein songkonkurranse for kommunen du bur i. Då er det ein første plass, ein andre plass og ein tredje plass. Første og andre plass går vidare til den store finalen i Storstova på Bryne.

I år blei den første konkurransen i Hå kommune haldt på Varhaug skule. Dommarane var Hilde Selvikvåg, Camilla Ystanes og Rangvald Riis. Her var vinnaren Varhaug skule 2, Ognå skule kom på 2. plass, og Motland skule på 3. plass.

I konkurransen føregjekk det slik at alle kor syng gjennom songen sin ei gong, og så skulle dommarane velje kven som kom til vidare til Storstova. I Storstova var den store finalen. Dommarane var Mats Bryne, Camilla Ystanes og Heidi Barvik. I Storstova konkurrerte skular frå Hå, Gjesdal, Klepp og Time. Første plass gjekk til Kleppe skule, Motland og Dirdal fekk andre og tredje plass.

Det me er ganske sikre på er at alle hadde det kjempekjekt, med å møte og snakke med andre elevlar frå andre skular og andre kommunar. Me er einige om at det er det gildaste som skjer i sjuande klasse. Det å få syngje på ei scene med klassen er ein fantastisk oppleving, som me aldri kjem til å gløyme. Uansett om me ikkje vann, så er me ikkje taparar. Me syntes at alle som er med i korslaget, er vinnarar.

*Nanzy Ueland Sandanger og Ida Bratland  
7. trinn, Varhaug skule*

Bilete frå Korslaget på Varhaug skule



# Nytt frå Misjonshuset

Tida går fort, no er me ferdig med 17. mai og årets konfirmasjonar. For dei som skal ha konfirmasjon neste år, var det trekning. Men i den andre helga i mai 2015 (9-10/5) er det fortsatt anledning til å leie lokale til konfirmasjon, den første helga (som stort sett er for Varhaug-konfirmantar) er lokalane opptekne. Me kan ha to parallelle selskap, i matsal/kjøkken/ungdomssal og i møtesal/anretningskjøkken. Det siste eignar seg best for middag frå catering.

Elles er det vanleg aktivitet med møter, basarar, korøvinger, speidarsamlingar og SUNDAG annankvar søndag. Og eit veldig aktivt ungdomslag med ope hus på fredagskveldar og ungdomssamling på laurdagane. Mange flotte tenåringar kjem annankvar fredag til FRES, med ei samling på misjonshuset kl 1900 før ein deltek i ymse aktivitetar på bl.a. skulen.

Det vert som vanleg stille på misjonshuset i sommartida, nokre småmøter sundagar i Juni og elles vil ungdomslaget holde det gåande på fredagar og laurdagar. To hagestemner vert det i år óg,- 15. juni kl 14 har Normisjon stemne på Odland hos Kristian og Dagfrid Skrettingland. Og 24. august har NMS stemne på Varhaug, hos Håkon og Åse Marie Varhaug.

Eg gjer merksam på kontortida på misjonshuset måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808.

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Følg med på internettsida til Misjonshuset, [www.varhaug-misjonshus.no](http://www.varhaug-misjonshus.no), der ein kan finne program og planlagde ting framover. Internettsida er fornya,- og me håper det kan gjere den meir attraktiv.

Velkomen til Misjonshuset.

*Med helsing, Per-Arvid*



Vennelaget for Lensmannsgarden presenterer:

- 19/6 *Allsang i Løå.*
- 23/6 *St.Hansfeiring for hele kommunen, sammen med Vellaget*
- 21/8 *Ikke klart*
- 18/9 *Kortreff på Låven med Klepp Mannskor, Hå dur & Moll og Vigrestad brassband.*
- 23/10 *"Varhaug på 50-60 og 70 talet" v/Leif Reiestad*
- 20/11 *Juleverkstad for vaksne. Med blomsterdekoratører.*

*Nærmere info kommer på plakater, facebook og mail.*

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook

## Allsang på løå

Torsdag 19.juni kl.19.00 vert det allsang på løå.

3 grupper frå misjonshuset har sett opp eit rikt repertoar med songar. Det vert alt frå :Liten fugl, heim te Jæren til Navnet Jesus.

Kom å syng!!



**BETONGARBEID - TREARBEID**  
Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi  
v/ Heidi Dubland Bø

**Føttene trenger også fagfolk !**

Mandag og torsdag 15 -19  
Tirsdag og fredag 9 -15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)





# 17. mai på Var







# haug

Foto: Espen Woldstad



# Skulesjakken blomstrar

Skulesjakken blomstrar fortsatt på Varhaug og Vigrestad.

På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 på "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen.

På Varhaug speler me tysdagar kl 1730 – 1845, og spelestad er «stadlen» på lensmannsløa.

Av aktivitetar i klubben kan nemnast oppgåveløysning. Me har bronsespringar, sølvspringar og gullspringar. Kvart hefte er på 12 oppgåver, og når dei syner at dei har forstått eit problem, vert det signert av leiar. Og etter 12 løyste oppgåver, får dei merket i bronse, sølv eller gull. No er det 16 som har tatt bronzen, 6 har begynt. Sølv har 5 tatt, og 6 andre er i gong. Gullspringeren heng høgt, den er det ein som har tatt og tre som har begynt.

Håmeisterskapet i skulesjakk vart halde 15.mars. Det var 11 i nybegynnerklassen og 18 deltakarar i klasse for vidarekomne. Deltakerne kom frå Hå, og alle som var med var medlemmer i klubben. Alle skulane hadde fått invitasjon som blei hengt opp på oppslagstavler. sjå bilete frå Håmeisterskapet.

Alle spelte 6 runder, og det var pause pizza og brus midtvegs. Og eit årsmøte for foreldre.

Laurdag 8.mars var deltok me med 3 lag i Kretsmeisterskap for skulesjakk i Rogaland. Det var ny norsk rekord ang deltakarar, 48 lag med 4 på kvart pluss reserver. I ungdomsskuleklassen vart BISS U (British International School Stavanger) nr 4 av 5, og på det laget hadde klubben med sin bestemann, Ruurd Kuipers. I Barneskuleklassen var det 43 lag, eit lag frå Vigrestad fylt opp med 2 frå Varhaug, vart nr28. Dei to reine Varhauglaga havna på 12. og 15. plass. Veldig god innsats.

Og helga 25-27 april var me i Haugesund på NM for skulelag, der vart Varhaug Skule nr 18 av 22 lag frå heile landet.

Men 5. april var og ein merkedag,- då deltok 6 av gutane i Hå skulesjakk på eit arrangement der den nest beste sjakkspeleren i Norge, Jon Ludvig Hammer, hadde undervisning og spelte



*Håmeisterskapet, nybegynnere*



*Håmeisterskapet, nybegynnere*

## Håmeisterskapet - Resultatliste klasse nybegynner:

|                      |      |                |
|----------------------|------|----------------|
| 1: Roar Sola         | 5p   |                |
| 2: Kristian Gramstad | 4,5p | kvalitet: 7    |
| 3: Alfred Ueland     | 4,5p | kvalitet: 6,5  |
| 4: Adrian Svendsen   | 4p   |                |
| 5: Chris T. Risa     | 3p   | kvalitet: 17   |
| 6: Nicolai Natland   | 3p   | kvalitet: 13,5 |
| 7: Oskar T. Lerbrekk | 3p   | kvalitet: 12   |
| 8: Andreas Tveiten   | 2,5p | kvalitet: 15   |
| 9: Emil D. Thune     | 2,5p | kvalitet: 14   |
| 10: Lasse Hadland    | 2p   | kvalitet: 16,5 |
| 11: Teodor Håland    | 2p   | kvalitet: 12,5 |



simultansjakk mot 60 spelarar frå Rogaland, i tre puljar med 20 i kvar. Han vant alle 60 partia, men sa etterpå at den han sleit mest mot var Bård Kydland. Og Arvid Feed Jakobsen var den som holdt ut etter at 19 i hans gruppe var ferdig.

Det nærmar seg eit nytt stort arrangement der verdsmeister Magnus Carlsen og dei 10 beste i verden deltek, nemlig Norway Chess. Dei vil arrangera ei skulesjakkturnering med spelarar frå 1-7. klasse 6. juni, og der er Varhaug skule kvalifisert til å delta med eit lag. Her er det 5-mannslag, og SR-Bank inviterer laga til lynsjakk og generalprøve på Bryne 27. mai. Det vert medlemar i Hå skulesjakk som deltek for Varhaug skule. På laget er desse tatt ut: Bård Kydland, Asle Kydland, Oskar Feed Jakobsen, Kristian Gramstad og Jone Ege.

I neste nummer av Varhaugbuen kjem det referat og bilete frå desse 2 turneringane.

*Med sjakk helsing frå Per-Arvid*



*Simultansjakk: F.v.: Arvid F. Jakobsen, Asle Kydland, mesteren Jon Ludvig Hammer, Mads Even Hobberstad og Livar Lende*



*Simultanspill med mester Jon Ludvig Hammer.*

#### **Hå mesterskapet - Resultatliste klasse mester:**

|                         |      |           |
|-------------------------|------|-----------|
| 1: Ruurd Kuipers        | 5,5p |           |
| 2: Bård Kydland         | 5p   |           |
| 3: Steffen D. Thune     | 4,5p |           |
| 4: Josef Auklend        | 4p   | kval 6    |
| 5: Jone Ege             | 4p   | kval 4,5  |
| 6: Morten H. Sikveland  | 3p   | kval 23,5 |
| 7: Svend Tobias Ualand  | 3p   | kval 21   |
| 8: Oskar F. Jakobsen    | 3p   | kval 19,5 |
| 8: Mads Even Hobberstad | 3p   | kval 19,5 |
| 10: Rino H. Figenschou  | 3p   | kval 18,5 |
| 11: Asle Kydland        | 3p   | kval 15,5 |
| 12: Arvid F. Jakobsen   | 3p   | kval 15   |
| 13: Simon Auklend       | 2,5p |           |
| 14: Ole Dvergsdal       | 2p   | kval 16   |
| 15: Bernt Håland        | 2p   | kval 13,5 |
| 16: Thomas Gauksås      | 1,5p |           |
| 17: Even Håland         | 1p   | kval 17   |
| 18: Filip Aarsland      | 1p   | kval 13,5 |



*Fra Hå mesterskapet*



# Tur til Steinkjerringa

Måndag 28. april var Svala 4H på tur til Steinkjerringa. Me møtte alle opp på parkeringsplassen på Holmavatnet, og i tillegg til 4H medlemar var det både foreldre og hundar som ville vera med på turen. Me hadde strålende ver, og det smaka godt med mat og drikke då me var vel framme

med Steinkjerringa. Her vart det i tillegg til skriving i gjeskeboka og tid til fotoshoot. Ein vellukka tur for 4H, og veldig gildt at andre og ville vera med.

*Helsing Styret i Svala 4h*

## Besøk Svala 4H sin stand på Varhaugmarken

- Her kan du få treffe glade 4H-ere i arbeid med ulike 4H-prosjekt
- Du kan få kjøpe huer, pannebånd og pengetasker laga av Ragnhild Skretting
- Du kan få kjøpe 4H-skrapelodd
- Veta meir om kva me driv med i 4H

Velkommen innom





*Tevlarar frå heile Rogaland. Fleire varhaugsbuar !*



**VBU**

## Grilling og Volleyball



*Ane på jermessa. Måtte få hjelp til å trekke ut ein heldig vinner av eit gratis medlemskap.*

Fredag 6 mai var det duka for den årlige 16 mai festen til Varhaug BU. Gunnar og Leif Egil hadde tent grillen kl 18.00 så når ungdommene kom var det bare å hiva seg rundt å diske opp med god sommer mat. Siden det var noe vind og overskya , var det ikkje heil det store med Volleyball, men me ønsker å prøve igjen seinere i år.

Ellers så går styreåret mot slutten, og me i styret må sei att me gler oss til ein ferie. Det er alltid godt med ein liten pause frå alle telefonane , arrangementa osv . MEN , det er herleg når me startar opp i August igjen. Nokre i styret slutter og nokre er villige til å ta på seg eit nytt år. Uansett : Det har våre eit kjekt år med mykje moglegheiter og utfordringar.

*Styret VBU*



*Leif Egil og Gunnar er ikkje redde kameraet på årsfesten til VBU. Begge er to ivrige guttar som er gode å ha for oss.*



## Tur med Varhaug bygdekvinnelag

Torsdag 22. mai var det lagt opp tur med bygdekvinnelaget. Me starta frå Varhaug misjonshus kl. 08.30, 41 glade bygdekvinner. Det var Vigrestad Buss med Oddgeir Vigrestad som sjåfør, som losa oss trygt og godt nordover med kurs for Bokn og Skudeneshavn. På Kåsen kom det på 3 kvinner til, og då var det eigentleg turen starta i fylgje Oddbjørg Skrettingland som var reiseleiar. Veret var ikkje frå den beste sida i starten. Vått og grått, men drøset vart ikkje hemma av det.

Første stopp var ferja frå Mortavika til Arsvågen. Her fekk me ikkje lov til å kjøpa kaffi, for me skulle ha stopp på Bokn med kaffi og litt å bita i. Så då me kom til Bokn, stod Torunn Thu med paraply og tok i mot oss og losa oss til Solholm sjøhus. Dette var som eit museum med utruleg mange spennande ting som hadde tilknytning til båt og fiske, men og gamle møbler og reiskap for verkstad og huslege sysler. Nokre meinte at om mennene hadde vore med, hadde me ikkje kome derifrå. I andre etasje var det serveringslokale. Så her fekk me kaffi og påsmurde frukostbrød som me hadde med oss heimanfrå. Torunn las opp noko frå Bokn, og me fekk ein song som me skulle synge. Ho hadde skreve om «Heim til Jæren» som «Heim til Bokn». Etter det kunne dei som ville rusla litt rundt ute for å sjå seg om på øya. Då var det og slutt på regnet. Det bur ikkje meir enn ca. 850 menneske på Bokn, så her har dei det fredeleg.

Ferda vidare gjekk så i det nye trekantsambandet med rundkøyring inne i tunnelen under sjøen. Her gjekk ein veg til Haugesund, men me svinga i retning Skudeneshavn. Denne byen vart på nittitalet kåra til nest best bevarte småby. Og her var verkeleg koseleg. Trehusbebyggelsen i Søragedå reknast som noko av Norges best bevarte. Her hang det syrin ut i gata og me enda opp i den gamle Tåkelurfabrikken som vart brukt av husflidlaget der. Her selde dei ting som dei laga i husflidlaget, og 3. etasje stod det fleire vevstolar oppsett, så her sat dei og vov. Me rusla elles rundt i byen, og nokre nytta høvet til litt handling. Det er vel ikkje til å unngå når så mange damer er på tur. Men me skulle og ha middag, og det var dekk opp på Landternen restaurant på kaien. Ein triveleg plass der me fekk servert steikt lyr som smaka heilt nydeleg. Og me fekk dronning Maud fromage til dessert.

Det var ikkje så mange av oss som hadde vore i Skudeneshavn før, så det vart ein nyfiken og vellykka tur. I bussen på heimturen fekk me songar av Alf Prøysen for allsong så ingen skulle sovne. Takk til dei som tok initiativ og arrangerte turen.

*Brit Obrestad*





## Eg kom ikkje til Preikestolen

Som de vil sjå av innlegget til bygdekvinnelaget, så hadde me som går tur på måndagane, vorte einige om tur til Preikestolen. Tok av garde 13 stk i 3 bilar, og 11 av damene kunne ta kaffi og mat på Preikestolen. Men det gjorde ikkje eg. Hadde vel eit par km att, då nok var nok. Hadde eit kne som hadde plaga meg mykje i dei høge «trappene» som sherperne hadde laga, og så tenkte eg nok for mykje på nedturen. Men då eg såg kor lett eg gjekk ned, trega eg på at eg hadde gitt meg så pass nær målet. Eg har aldri vore på Preikestolen, og nå reknar eg med at dit kjem eg ikkje til å koma heller. Men det er for seint å syta om det nå. Men det var ein kjempeflott tur i godt ver.

En snakka med nokre ungdomar som meinte at nå var stien til Preikestolen øydelagde. «Nå er det ikkje nokon sti, nå er det trappe som sherperne har laga, det er ikkje mykje att av naturen» var deira meining.

Nå er det ikkje trappe over alt, men det var mykje godt stein arbeid elles, som sherperne hadde gjort, og framleis heldt på med. Dei var i ivrig arbeid då me gjekk oppover med både kompressor og spett. Dei hadde kaffipause på

nedturen min, og då fekk eg knipsa ein lystig gjeng som slappa av med maten. Ikkje tvil om at dei har gjort ein kjempejobb, som har gjort det mykje enklare for dei fleste å koma seg til topps.

*Liv*



# Ny butikk "Troll i esken" i Sentrumsgården

I april fekk me ein ny butikk i Sentrumsgården. Då starta Olaug Marie Maurseth frå Varhaug og Sølvi Tove Berge, Nærbø med garn og leiker. Begge hadde arbeidd saman i Tjemslandshagen barnehage i mange år (Olaug Marie hadde vore der i 4 år og Sølvi Tove 7 år).

Eg spurde om dette var ein gamal draum dei hadde fått oppfylt. «Nei, slettes ikkje», svara Sølvi. «Ein dag på arbeid fekk eg dette spørsmålet frå Olaug Marie: Skal me begynna med butikk?». Sølvi hadde berre sett spørjande på Olaug Marie, og lurde på kva ho meina. Så snakka dei litt fram og tilbake om dette, og vart til slutt einige om å prøva. Og vips så var dei i gang med leige og planlegging. Det heile gjekk i grunnen litt fort, men så langt har dei ikkje trega. Begge har nå slutta i barnehagen, og vonar at butikken var rett å satsa på.

Dei har starta med garn og leiker, og av garnsortar har dei både Drops, Viking, Gjesdal, Svarta får og Hillesvåg Ullvarefabrikk. Dei har og kontaktar i Danmark, så kanskje får dei og noko derifrå ein gong.

Ringo leikene, er vel kjent for dei fleste som leikar av god kvalitet, og her er utvalet stort. Dei har og ganske godt utval i elektriske ting, så her er det «leiker» for store og.

Dei har og ein del heimesydde barneklede frå 0 år og oppover. Det største dei til nå har hatt er 8 år. Dei tek mot bestilling på barneklede, så det er berre å ta kontakt om det er noko du har behov for f.eks dåpskjole eller liknande. Dei har og godt utval i karnevalsklede.

Butikken ligg vegg i vegg med Lekeland, og betre kunne det ikkje vera. Lekeland er som ein magnet.



Folk tykkjer det er gildt med denne nye butikken. Så langt har det vore greitt, men det er klart av og til vert det lange dagar, når det ikkje er så mykje som skjer elles i Sentrumsgården.

Dei har fått inn litt hobbyartiklar, og noko nytt kjem etter kvart. Dei har høyrte på ynskje frå kundane, og kjøpt inn ein del etter det. Alt nå spør folk etter ting dei kan laga til jul. Dei har lysst å koma i gang med slikt rett etter ferien. Me må føla oss litt fram, seier dei begge, og håpar at både Varhaug folk og andre vil kjenna si besøkstid, slik at butikken går godt. Med ein ny god butikk i Sentrumsgården, vil det skapa ringverknader slik at det kanskje kjem andre og.

Varhaugbuen ynskjer Troll i esken lukke til vidare. Under teikna har kjøpt av dei heimesydde kleda, som barnebarna i Oslo sette stor pris på.

*Liv*

Opningstid Troll i esken:

Man,tirs,onsdag kl.10.00 – 17-00

Tors, fredag kl.10.00-18-00

Lørdag kl. 10.00-15.00

**Støtt opp om  
annonsørane våre,  
dei støttar Varhaugbuen!**



## Gild songstund i Løa

Den kjente og dyktige syngedama frå Nærbø, Ann Kristin Sørvåg hadde 8. mai ein gild konsert samen med faren Terje på pianoet. Dette var ei song glad stund i grunnlova si ånd, vart det sagt i invitasjonen, der publikum song med på fleire kjente allsongar. Ann Kristin var festleg både og sjå og høyra på. Utruleg flott stemme den dama har.

Faren, Terje, hadde i tillegg til å spela til Ann Kristin sine songar, og ei avdeling der han både leste egne dikt og spela solo.

Nok ein gong fekk me sjå og høyra kor godt egna Løa er til slike arrangement. Varhaug folk, de må fylgja med i programmet for Løa framover; for det kunne godt vore fleire på denne flotte konserten.

*Liv*



 **TIPPING**  
WWW.NORSK-TIPPING.NO

**V75** 



# BØEN STORKIOSK

S P I L L   O G   K I O S K V A R E R

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55

Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30  
Søndag 10.00 - 22.30

# Nytt frå Varhaug Bedriftsforening



Årsmøtet 2013 ble holdt 14.03.2014 i "Løeståvå" i Lennsmannsløa.

14 medlemsbedrifter var representert og totalt fremmøtte inkl. styret var 19 personer.

Referat er mailt alle medlemsbedriftene.  
Sentrale verv fordeler seg slik:

| Styret etter valget | Verv          | Til  |
|---------------------|---------------|------|
| Kent Helberg        | Leder         | 2015 |
| Iris O. Knutsen     | Styremedlem   | 2015 |
| Tom Bratland        | Styremedlem   | 2015 |
| Trine O. Nevland    | Styremedlem   | 2016 |
| Jarle Reime         | Styremedlem   | 2016 |
| Jostein Bratland    | 1. varamedlem | 2016 |
| Bjarte Kydland      | 2. varamedlem | 2015 |

| Revisorer etter valget | Til  |
|------------------------|------|
| Annlaug Aasland        | 2015 |
| Karin Hauck            | 2016 |

| Valgkomité etter valget | Til  |
|-------------------------|------|
| Håvard Skretting        | 2015 |
| Jon Harald Håland       | 2015 |
| Asbjørn Stueland        | 2016 |

Etter møtets formelle del, var det presentasjon av medlemsbedriften Sparebank 1 SR-bank. Spennende å se og høre om hvilke muligheter og løsninger de kan tilby kunder og bedrifter.

VBF har vært aktive overfor næringsdrivende på Varhaug for å rekruttere ny medlemmer til foreningen. I 2013 har 5 nye bedrifter meldt seg inn i foreningen og VBF hadde pr 31.12.2013.

51 medlemsbedrifter. Vi ønsker hele tiden at det kommer nye medlemmer i foreningen. Dette arbeidet vil derfor også fortsette i 2014.

Så var det god mat og drikke før vi fikk bryne oss på en koselig quiz, og fortsette med drøs og kos.

## Bondelaget Det rører seg i bondelaget



Tidleg i vår hadde me saman med Søre Hå bondelag eit møte på Felleskjøpet, der tema mellom anna var grøfting. I tillegg til det faglege, vart det servert pizza og brus. Godt med folk, mest ikkje ein stol ledig.

I veke 12 hadde me jerninnsamling hos Kai Jarle Skretting. Det gjekk godt, og skaffa litt midle til laget.

Norges bondelag køyrde i vår ein kampanje som gjekk ut på å gje ein pris til nokon som «fronta» bonden og norsk mat. Varhaug bondelag hadde ikkje noko stort problem her. Det var heilt naturleg for dei å gje prisen til R.Skretting, som fekk diplom, blomar og forklede der det stod BONDEVENN på.



I samband med jordbruksoppgjeret og brotet som kom, var Varhaug bondelag med og sperra all egg transport ut av Prior i Kviamarka, for å markera at det ikkje er sjølvsgat med norsk mat i butikkane. Blokaden gjekk fredeleg for seg, med rullerande vakt i eit døgn. Me fekk mange positive tilbakemeldingar frå folk.

Dette er litt av det som rører seg i laget for tida.

I august vert det open gard på Varhaug. Tid og stad kjem me tilbake med.

Til slutt vil me ynskja alle ein fin sommar, med mykje gras. Det ser i alle fall lovande ut.

GOD SOMMAR!

*Helsing bondelaget v/Lenita Salte*



# Varhaugmarken

## Lørdag 7. juni

**Skrettingen sel grillmat frå kl. 11.00-14.00**

**Ongaløpet kl. 11.30**

**Varhaugmilå kl.12.30 - start og mål ved Rådhuset**  
**Kafe Hjørna i Sentrumsgården sel risgrøt som**  
**vanleg ein lørdag kl.10.00-15.00**

**Lekeland er opent som vanleg ein lørdag kl.00**  
**10.00-15.00**

**På Spar sin parkeringsplass vil det vera hoppeslott.**

**10. klasse vil selja kaker til inntekt**  
**for skuleturen i haust.**

**Og ikkje minst vil Gordon/Spar ynskja alle velkome**  
**til gratis brunsj mellom kl. 10.00 og 12.00.**

## Ein gamal hoggorm

Då skulen på Auestad vart lagt ned for mange år sidan, tok Sverre Ånestad vare på ei spritkrukke med ein stor orm oppi.

Hoggormen, som Sverre meiner er over 60 år, er nå gitt til skulen på Varhaug, der den står på rektor sitt kontor.

Gildt at skuleminne frå gamele dagar vert tekne vare på.



## Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er  
**23. august**

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

**Sender du Word dokument**  
**må bildene vedlegges som**  
**egne filer i JPG format.**



## Eit ynskje frå Ryddegjengen

*«Ikkje klem flate eller øydelegg boksar og flasker som de slenger frå dykk rundt omkring. Når me i Ryddegjengen er ute på rydding i stasjonen, samlar me inn desse flaskene/boksane, og panten gjer me til kreftsaka» seier Abraham Nord-Varhaug.*





# Smågodt

pr. hg kr 4,90



# Jordbær

pr. pakke kr 14,90



# Norvegia Ost

1 kg kr 69,90

**COOP EXTRA VARHAUG**

Tilbudene gjelder fredag og lørdag i uke 23 så lenge lageret varer.

**PINSEFTEN ÅPNET 09.00 - 16.00**

# coop extra

REPRESENTANT FRA METABO ER TILSTEDE  
I BUTIKKEN UNDER VARHAUGMARKEN

# RELANSERING AV METABO ELEKTROVERKTØY

SJEKK  
PRISEN!

**BATTERI  
STAVLYKT**  
18V

**599,-**

Uten batteri  
og lader

**BATTERI  
MUTTER-  
TREKKER**  
18V 400NM  
Børsteløs Motor

**2499,-**

Uten batteri og lader

**BASIC-SETT**  
18V 2X5,2 AH BATTERI  
1 XLADER

**2499,-**

FK Varhaug Tlf 51 77 14 70 Åpent 8-17 (9-14)

**VINKEL-  
SLIPER SETT**  
WX 2000/W820

**1990,-**

**WEF 9-125**  
LAV VINKELSLIPER  
910 WATT  
Arbeider i vinkler  
inntil 43 grader

**2437,-**



# butikken

fkra.no/fkbutikken